



Alver kommune v/Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: dfc04980-7e5d-441f-b166-74a4d56ecd39

Vår: 23/235 - 23/2360

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

10.01.2023

## Svar på søknad til uttale - gbnr 323/302 mellombels parkering Frekhaug torg

Alver kommune avdeling samferdsel, veg-, vatn- og avløp- forvaltning (SVVA) har fått sak om etablering av midlertidig parkering langs kommunal veg Havnevegen på gbnr 323/302 på baksida av gbnr 323/409 til uttale.

Dette er eit område med behov for varelevering, renovasjon og næringsverksemd. Området ligg i ei kurve kor det er behov for breiddeutviding tilpassa køyremønster stil stor lastebil (L i N100). Det er ikkje ynskjeleg med parkering langs veg då det fort kan bli til hinder for dagleg transport og utrykkingskøyretøy.

Det er regulert fortau på dette strekket i reguleringsplan, FT2 er delvis etablert, FT3 er ikkje etablert. Rekkefølgekrav i planen seier at FT2 skal vere ferdigstilt før tiltak i OPT2 kan takast i bruk. Den midlertidige parkeringa det er søkt om ligg i OPT2 og avdeling SVVA meiner som eit minimum at dette rekkefølgekravet må innfris for å gi positivt løyve til etablering av parkeringsplass på OPT2.

Området slik det er etablert i dag har behov for fleire parkeringsplassar. Utvikling av eigedomane i planen gir ikkje området mindre behov. Ei midlertidig løysing kan fort bli permanent og SVVA sin uttale i saka er at sjølv om det er ein søknad om midlertidig parkering, bør parkeringsplassen etablerast som om den skulle vere permanent.

Dvs. at om det skal etablerast parkering på dette arealet med positiv uttale frå SVVA, må fortau FT2 etablerast i samsvar med plan og avkøyrsløse inn til parkeringsområdet skal etablerast med nedseinka kantstein. Heile arealet kommunen eig må planerast for parkering med høve til å snu inne på parkeringa for å unngå rygging over fortau.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

**Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00      www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune v/Plan og byggesak Postboks 4

5906

FREKHAUG